

DET
NORSKE
TEATRET
og Riksteatret

presenterer Mini-revyen

# «APROPOS DET, JA»

med SØLVI WANG
og LEIF JUSTER

kapellmeister
EGIL MONN-IVERSEN

615g 198625

# «APROPOS DET, JA»

Det er ei stor glede for Det Norske Teatret å kunne presentere for Dykk våre to fremste gjøglarar Sølvi Wang og Leif Juster saman i denne mini-revyen som vi har kalla «APROPOS DET, JA». Sjølve ideen å sende nett desse to ut i lag på ein serskilt turné, vart fødd da Sølvi og Leif spela saman i framsyninga vår av den festlege kammer-western «Sus i Sassafrasen».

Det var eit muntert samspel som gav meirsmak for dei begge. Da ideen om ein turné vart lansert, kom planen inn i fastare former i samarbeid med Sølvis mann, Egil Monn-Iversen, og ei rekkje av våre fremste revy-forfattarar tok fatt for å skrive nye nummer til mini-revyen. Vi hadde stoff til minst to heile kveldar med Sølvi og Leif, og det har vore vanskeleg å velja blant alle kvalitetstekstane.

Vi vonar likevel at vi har sett saman eit program som er desse to eminente kunstnarane verdig, og seier derfor: Velkomen til ein hyggeleg kveld i godt lag med Sølvi Wang og Leif Juster.

*Med venleg helsing*
*Det Norske Teatret*



DET NORSKE TEATRET og RIKSTEATRET presenterer:

Mini-revyen **«APROPOS DET, JA»**

med **SØLVI WANG og LEIF JUSTER**

Språkleg tilrettelegging: Ivar Eskeland – August Mauritzen
Arrangement: Rolf Daleng
Ljos: Anders Grønnvik
Inspisient og turné-leiar: Tor Kalleberg
Kapell-meister: Egil Monn-Iversen

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Riss og Ross (Alf Hartmann/Sverre Bævre) | begge |
| 2. | Ja, apropos det, ja (Alf Hartmann) | begge |
| 3. | Wunderbar (Dag Frøland) | Leif |
| 4. | Sølvstrupen fra Ådalen (Alf Hartmann/Sverre Bævre) | Sølvi |
| 5. | Ola på snippen (Alf Hartmann) | Leif |
| 6. | En original (Alf Hartmann) | Sølvi |
| 7. | I retten (Arne Svendsen) | begge |
| 8. | Melodi Grand Prix (Einar Schanke/Alfred Næss) | Sølvi |
| 9. | Champagne-Karlsen (Egil Hagen) | Leif |
| 10. | Om høflighet (Per Qvist) | begge |
| 11. | Apekatten (Alf Hartmann) | Leif |
| 12. | En håpløs vise (Sverre Bævre) | Sølvi |
| 13. | Eg trur på eventyr (Dag Frøland) | Leif |
| 14. | Platebaren (Alf Hartmann) | Sølvi |
| 15. | Trafikkregle (Dag Frøland) | Leif |
| 16. | En gammel primadonna (Alfred Næss/Dag Frøland) | Sølvi |
| 17. | Tussan Smith (Dag Frøland) | Leif |
| 18. | Den lille mann (Alf Hartmann) | Sølvi |
| 19. | Kven så (Tom Lehrer) | Sølvi |
| 20. | Hymne til den tredje verdskrigen (Tom Lehrer) | Leif |
| 21. | Masochistisk tango (Tom Lehrer) | Sølvi |
| 22. | Vi skal gå saman den dagen det er slutt (Tom Lehrer) | begge |

Med atterhald om endringar



Musikarane er:

Roy Hellvin (piano og orgel), alt. kapell-meister, Oddvar Sanne/ Frank Cook (gitar og bass) og Jon Christensen (trommer).



omslag: Terje Fuglseth
grafisk formgjeving: Andreas Knispel
program red.: Thorstein Hoff
trykk: Herold Repro-Express

# VI SKAL GÅ SAMAN DEN DAGEN DET ER SLUTT.

SOLVI:
Når du er med i eit sorgjetog,
i eit trist og tungsamt sorgjetog,
blir du minna om at du skal også døy.

LEIF:
Synet av den gylne båre lokkar fram ei armods tåre
for du ser deg sjølv som lik så kvit som snø, –
og sidan gustent . . .

SØLVI:
Men prøv no å ta det easy. Prøv å syngje lov og
pris i denne tanken som er kvitare enn snø:

LEIF:
at når bomba blæs deg
opp då blir også eg ein sopp

BEGGE:
Inga sjel sørgjer over deg og meg!
VI SKAL GÅ SAMAN DEN DAGEN DET ER SLUTT
FOR ALT ER SLUTT I DET YTTERSTE MINUTT

SØLVI:
Heile verda skal vandre, vi skal steikje i kvarandre

LEIF:
Crèpes Suzettes skal vi bli når det er slutt:

BEGGE:
VI SKAL GÅ SAMAN DEN DAGEN DET ER SLUTT
GÅ TIL ALL VERDENS STERKASTE SALUTT

SØLVI:
Farvel til Folkepensjonen.

LEIF:
Alt går med i eksplosjonen, alt blir borte
den dagen det er slutt!

SØLVI:
Vi blir steikte på same friluftspeis.

LEIF:
vi bli skufla på same varme sleis.

SØLVI:
Dei kjem seg vekk på sòlane
blir innhenta av strålane.

LEIF:
Alle strålar den dagen det er slutt.

BEGGE:
Opp i en sopp – en bloc – går vi,
den store, kvite flokk
VI SKAL BLI BAKT PÅ DEI SAME RAUDE GLØR
Det skal bli barbeque-stemning når vi dør!

LEIF:
Tre milliarder på spiddet, og når vi er passe svidde
seier Satan: – Takk, – min skal væra møyr!

SØLVI:
VI BLIR FORTÆRT I EIN RASK OG KORT PROSESS,
og sidan er St. Peter i sitt ess.

LEIF:
I det same flyalarmen går, kan du berre be
ditt Fadervår.
Siste sjanse til bøn på jorda vår!

SØLVI:
(VI) BLIR EKSPEDERT EKSPEDITT NÅR VI SKAL
BLØ! Ingen vits i å stille seg i kø!

LEIF:
Ta mot himmelens nedfall, gjer deg reide til ditt
knefall, sjå deg om, vink til verda, vink adjø!

SØLVI:
Alle går til den store, nummererte,
forbokstav-inndelte samlingsplassen!

LEIF:
Gå beint fram, ikkje stans, det er stengt i dag
bortpå gravferdskassen!

BEGGE:
VI SKAL GÅ SAMAN OG VANDRE TO OG TO
kvar jøde, hottentott og eskimo.

LEIF:
Når vi osar av uranium, glanar kranium på kranium

SØLVI:
Og då tagnar barnegråten. Då er vi i same båten.

BEGGE:
DET BLIR FRED PÅ JORD DEN DAGEN DET ER
SLUTT!

Ettertrykk forbudt



# 12

UTVALGTE
TOM LEHRER-
VISER
OM-BRUTALISERT
TIL NORSK
AV AUGUST MAURITZEN
MED SØLVI WANG
OG
OLA B. JOHANNESSEN

---

## LP-platen De må kjöpe!

12″ LP **DECCA** SKL 4898 STEREO

Til salgs hos musikkhandlerne



APROPOS DET, JA